

Bassist frå Uskedalen i fint selskap

25.05.2011

**Fredag startar firedagarsfestivalen i Rosendal og
det er eit imponerande knippe av aktørar som utfaldar seg.
Ein uskedeling er å finna i
programmet og han er i eit fint fint selskap.
19-åringen Ruben Aksnes spelar
bass i Odda-bandet Jitney saman med Ari Thorsteinsson
og Kim Christer Hylland.
Trioen jobbar no med sitt første album etter å ha sluppe
sin første EP to år sidan.
Dei skal spela i festivalkroa i teltet i Skålafjæro laurdag kveld
og etter dei kjem ingen ringare enn Bergen Blues Band!**

Dei tre lagar musikk innan pop og rock, men er svært allsidige og er også innom andre sjangrar, noko som skapar ei spanande blanding. Spør ein dei om førebilete nemner gutane Big Bang, Real Ones, My Midnight Creeps og John Mayer.

Ruben er førebels noko usikker på om han skal satsa på musikken, men han er godt igang.. Han har gått musikklinja på folkehøgskulen på Melhus og skaffar seg no studiekompetanse ved ein vidaregåande skule i Trondheim for å komma vidare i musikkstudiet sitt. Han har fått Odda kommune sin ungdomskulturpris.

Jitney har ikkje minst ei høg stjerne i Bergensområdet og sikra seg andrepllassen i Demotape-tevlinga som vart avvikla ved årsskiftet.

Her er stikkordmessig dei utøvarane som Ruben og dei to andre skal spela saman med i Rosendal:
Rosendal skulekorps i samspel med Brazz Brothers, Jonas Fjeld, Bergen Blues Band, Lucky Pigs, Captain Kanes Big Trouble, Tone Damli, Frode Alnæs, Ole Ivars og Divisjonsmusikken.

Det er med andre ord eit svært allsidig knippe med god musikk dei får med seg som set kurset mot Rosendal i helga

Av Ola Matti Mathisen